



Nokre av bubilane på Rabben Feriesenter.

Kvart år brukar båthamnene å fyllast godt opp når det er aktivitetsdag. Også i år er det byrja å koma inn båtar fredagskvelden. I tillegg er det ein merbar auke med bubilar. Vi registrerte ganske mange på Rabben Feriesenter. I tillegg var det og plassert bilar andre stader. Alt tidleg fredagskvelden var 3 bubilar parkert på plassen framfor gamleskulen.

At det kjem tireisande er lett å forstå, for i morgon vert dei først tilbydd eit godt samansett familieprogram i båthamna før dei om kvelden kan svinga seg til eit topp danseband, Aristocats, på Dønhauglåven. Om kvelden kan dei og slappe av på Systrene Nilsen som har kalla arrangementet sitt 'Hopp i baren'.

Søndag er det muligheter for ei uforgløyemeleg naturoppleving om ein vel å delta i Solfjellsløpet.

Av: Thor Inge Døssland.